

Lonelva

VERDAS MINSTE LAKS?

Det beiter seg at laksestammene med dei mest storvaksne og mest småvaksne laksane i verda begge bøyrrer heime i vassdrag som renn ut i fjord-systema kring Osterøy. Vosso skal ha dei største gytelaksane som finst i noka elv, LONELVA skal ha dei minste.



Laksefiske i Lonelva på 1950-talet. (Eivind Færevik)

Ldalen ned mot Lonevågen strekkjer grasbakkane seg oppetter liene, går over i lauvskog og gran og gir dalen ein tone av tindrande grønt. Midt i dette flyt Lonelva gjennom flate marker. Elva er kanskje ei av dei mest ubetydelege lakseelvane i landet, med tanke på lengd og vassføring. Vassføringa er faktisk så lita at det rett og slett ikkje er plass til nokon storlaks. Men Osterøy-laksen har tilpassa seg dei tronge levekåra, gjennom genetisk utval.

I Hordaland gyter laksen vanlegvis i oktober–november. Yngelen held seg i oppvekstelva nokre år før han blir smolt og



Svein Nord

vandrar ut i havet. Veksten er i stor grad avhengig av vasstemperaturen. På Vestlandet tek det vanlegvis om lag tre år før utvandringa av smolten skjer. I eit «varmt» låglandsvassdrag som Oselva skjer det raskare – som oftast etter to år. Også Lonelva får mykje av vasstilførsla frå lågareliggjande område, slik at smoltifiseringa går raskare enn vanleg.

Til vanleg er vekta på ein utvandringssklar lakseunge under 25 gram, medan lengda kan variera frå 11 til 22 centimeter. Laksen tek ikkje til å veksa for alvor før han kjem ut i havet. Men også i havet er det store skilnader i veksttakten. Etter eitt år aukar vekta gjerne til 4–8 kilo. Og etter tre år veg laksen 8–13 kilo.

I Lonelva har snittlengda ved utvandring variert mellom 13 og 14 centimeter i ei årrekke. Det er i havet Lonelv-laksen fullt ut

får demonstrera kva gener han er laga av. Etter eitt år veg minilaksen berre 1,45 kilo i snitt. Og etter tre år i havet stoppar gjennomsnittsvekta på smålatne 2,49 kilo. Laksen returnerer til fødeleva for å gyta etter 1–4 år i havet. Fiskarane som ventar på Osterøy, har ikkje utsikter til å fanga storlaks. Til gjengjeld kan dei venta å få fleire fiskar enn i mange andre elvar. Laks på 1–2 kilo og sjøauere i underkant av 1 kilo har det vore godt om i Lonelva. På 1980-talet vart Lonelv-laksen sett ut i Akerselva i Oslo.

Den småvaksne laksestamma har greidd seg betre enn mange storvaksne artsfellar gjennom den kritiske perioden på 1980- og 1990-talet. I Vosso er det ein føremonn å vera stor. I Lonelva er det eit vilkår å vera liten. Og kvifor vera stor når ein er lukkeleg som liten?

HOSANGER NIKKELGRUVE

Svære mengder nikkelmalm har vore brotne ved Litlandsvatnet, mellom Lonevågen og Hosanger. Funnet vart gjort i 1875. I driftsperioden frå 1882 til 1945 vart det utvunne 4170 tonn rein nikkel frå 462 000 tonn malm, ein stor produksjon i norsk målestokk (151). Malmen inneheld mellom 0,4 og 3,0 % nikkel.

Malmen ligg på undersida av ein gabbro. Gabbroen ligg som ei diger linse i dei kvartsrike gneisane som dominerer området. Truleg for meir enn ein milliard år sidan var gabbroen bergsmelte som trengde inn i gneisane. Sulfidmineral, mellom anna pentlanditt som inneheld nikkel, i tillegg til magnetkis, koparkis og svovelkis, var blant dei første minerala som vart danna då smelta gradvis størkna. Dei sokk ned på botnen av smelta og vart dermed liggjande underst i gabbroen.

Mangel på drivverdig malm gjorde at gruva vart nedlagd i 1945. Men det er framleis mange spor etter drifta, og malmen er enno å sjå ved gruvesjakta ved Litlandsvatnet.

Malmen, som finst ovanfor gruvebygningane, er rusta på utsida. Eit velretta slag med hammaren kallar fram den eigentlege utsjånaden. (Haakon Fossen)



Kart over gruveområdet på Litland i Hosanger. (Harald Bjørlykke/Haakon Fossen)